# Meland kommune

Trio Bygg Bergen AS
Salhusvegen 55
5131 NYBORG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 10.07.2014 |
| Vår: 14/3084 - 14/11261 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

# Godkjenning - riving av brannskada bygning, bustad/garasje/sportsbod, og rydding av branntomt på Fosse, gbnr 25/111.

**Administrativt vedtak. Saknr: 200/2014**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Bente Skråmestø |
| **Ansvarleg søkjar:** | Trio Bygg Bergen AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 |

**Saksutgreiing:**
Søknaden gjeld riving av brannskada bygning og rydding av branntomt på Fosse, gbnr 25/111.
Det vert elles vist til søknad motteke 27.06.2014.

Planstatus
Eigedomen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF-område. Omsøkt tiltak vert ikkje vurdert å vere i strid med planføremålet.

Nabovarsel
Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Alle naboar har samtykka til tiltaket. Nabovarslinga vert etter dette rekna som tilstrekkeleg.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1 med følgjande ansvarsrettar:

| Føretak | Godkjenningsområde |
|---|---|
| Trio Bygg Bergen AS<br>Org.nr 982 904 285<br>Sentral godkjenning | SØK, PRO, UTF - tiltakskl. 1<br>Fagområde: Ansvarleg søkjar |
| Pewe Entreprenør AS<br>Org.nr 980 991 172<br>Sentralgodkjenning | PRO, UTF – tiltakskl. 1<br>Fagområde: Riving og miljøsanering |

<u>VEDTAK:</u>

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til riving av brannskada bygning på gbnr 25/111 samsvar med søknad motteke 27.06.2014.

Ansvarsrettar vert godkjend i samsvar med saksutgreiinga.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Lillian Straumøy Brakstad<br>konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Trio Bygg Bergen AS | Salhusvegen 55 | 5131 | NYBORG |
| Bente Skråmestø | Fosse 143 | 5918 | FREKHAUG |